



---

## Protokoll frå styremøte 15.01.09, Oslo

---

**Til stades:**

Nils Øyvind Bergset  
Solbjørg Tveiten  
Mari Eggen  
Knut Erik Godtland  
Marte Frihetsli

.

**Frå adm:**

Magnar Sundt  
Knut Aastad Bråten under sak 2  
Elisabeth Vatn under sak 4  
Asgaut Bakken under sak 3 og 4

**Forfall:**

Jon Ellingsen  
Torunn Raftevoid Rue

---

## **SAKLISTE**

- Sak 01 Referatsaker
- Sak 02 Gjennomgang og evaluering av Spelemannsbladet
- Sak 03 Gjennomgang og evaluering av Folkemusikkscena
- Sak 04 Folkelarm; Juryarbeid showcase og platepris
- Sak 05 NM i folkemusikk; tevlingsprogram og talet på finalar
- Sak 06 Statens stipend for eldre fortente kunstnarar; forslag på nye stipendiatar
- Sak 07 Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund;  
- forslag på kandidatar til styra
- Sak 08 Arbeidsprogrammet for 2009
- Sak 09 Organisasjonsprosessen
- Sak 10 Møteplan
- Sak 11 Offentliggjøring av vedtak



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 01/ 09 Referatsaker

---

1	Norsk kulturråd	Folkelarm er tildelt kr 250 000 av festivalstøtteordninga for 2009. Same sum som i 08.
2	Riksscenen v/Jan L Eriksen	Orientering om løyvingssituasjonen for 09; Avklaring fra Øyvind Danielsen i KKD: - 1 mill i ekstra tilskudd for 2009 - Utsettelse av betaling av leie i nybygget, noe som utgjør kr 942.000 pr i dag (- om det kommer til større endringer vil dette beløpet stige). Husleien for 2 mnd i 2009 vi kommer som et påslag på leien etter nyttår - med renter ... - I tillegg signaliserer departementet positiv vilje til å forhandle om ytterligere tilskudd i løpet av 2009 om behovet blir prekært. Med dette skulle vi ha grunnlag for videre arbeid, og styre møtes 15. og 16. januar bl.a. for å drøfte revidert driftsbudsjett. Takk for støtte og innsats! Det gir trygget å ha stifterne i ryggen.
3	Selord spelemannslag	Rapport forprosjekt om Landskappleiken i Seljord 2011
4	Rff-senteret	Takk for støtte og deltaking under festforestillinga i samband med at Egil Bakka vart utnemnd til Kommandør av den kgl. norske St Olavs orden
5	Egil Bakka	Hjarleg takk for gåver , gode ord og for at me kom og tok del i feiringa. Jfr. sak over
6	Telemarkfestivalen	Varsel om årsmøte i stiftinga. Tysdag 3. febr. kl. 19
7	Norsk folkemusikklag	Innkalling til årsmøte 12. februar på Raulandsakademiet Fagseminar torsdag 12 – fredag 13 på Institutt for folkekultur. Tema: Hae "sunden"/stilen/uttrykket i dagens folkemusikk og –danseutøving utvikla seg til å bli fellesnordisk"
8	Førde intrn. folkem.festival	Protokoll frå repr.skapsmøtet 2008
9	Dagleg leiar	Orientering om arbeidet med å utvikle eit nytt dataprogram for kappleikar
10	Dagleg leiar	Referat frå konferanse arrangert av Frivillighet Norge 13.1.
11	Styreleiar	Referat frå NRK-innslag med spørsmål om kva folkemusikken kunne ha gjort med 17 mill kr – tilsvarande sluttpakken til den avgåtte Hydro-sjefen.
12	Styreleiar	Referat frå ein invitasjon til Norges Musikkhøgskole der han m.a. prata overfor studentane om den pågåande organisasjonsprosessen.



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 02/ 09 Gjennomgang og evaluering av Spelemannsbladet

---

### Punkt som blei drøfta:

- Gjennomgang av bladet siste år:
  - Redaksjonell profil
  - Grafisk profil
  - Status for abonnement. Oppgang, nedgang?
  - Utfordringar i det daglege arbeidet.
- Spelemannsbladet inn i framtida:
  - Konklusjonane frå det utvalet redaktøren har knytt til seg.
  - Profil: Kva skal Spelemannsbladet vere?
  - Omfang: Tal på utgjevingar kvart år. Storleik per utgåve.
  - Abonnentar: Korleis skaffar vi oss fleire abonnentar?
  - Annonsetenester: andre løysingar for sal av annonsar.
  - Storleiken på redaktørstillinga.
  - Spelemannsbladet i relasjon til samarbeidsprosessen med NFD no i 2009.
  - Tanker om bladet enda lenger framover i tid - etter at det er etablert ein ny organisasjon.
- Spelemannsbladet som fritt og uavhengig blad med redaktøransvar og styret som eigar av bladet og arbeidsgjevar. Grenseoppgang mellom rollene til eigaren og redaktøren.

### Vedtak:

Redaktøren la fram eit 4 sideres notat med informasjon, dokumentasjon av status for fjoråret, egne ønskje og tankar rundt vidareutviklinga av bladet og kva for grunnlag ei vidareutvikling bør kvile på. Styret tar orienteringa og ønskja frå redaktøren til etterretning.

Styret ba redaktøren prioritere arbeidet i 2009 i følgjande rekkefølge:

- 1) redaktøren prioriterer å produsere bladet som før med omsyn til profil og omfang
- 2) redaktøren deltar i organisasjonsprosessen
- 3) redaktøren sitt arbeid med å skaffe nye abonnentar

Administrasjonen undersøker moglegheitene for å leige inn folk til å skaffe abonnentar og kjem tilbake til styret med sak på dette.

LfS inviterer NFD til ein grunnleggande debatt om bladet i den nye organisasjonen. Ein oppnemnar eit breitt samansett utval så fort som mogleg slik at arbeidet kan kome i gang.



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 03/ 09 Gjennomgang og evaluering av Folkemusikkscena

---

### Punkt som vart drøfta og gått igjennom:

- **Oppsummering av 2008.**

- Gjennomførte turnear; Antal, publikumsoppslutning, arrangementstekniske tilhøve (marknadsføring m.m.)
- Andre tiltak; seminar
- Status for etablering av regionale turnenettverk

Asgaut la fram oversikt over turnear i 2008, talet på konsertar og publikumsoppslutning. Full oversikt kjem i den endelege årsrapporten.

Når det gjeld etablering av regionale turnenettverk, så "slit" han litt med Nord-Noreg, ikkje fordi dei eksisterande er så vanskelege, men fordi Nord-Noreg er så stort – alt for stort for berre eitt nettverk.

- **Folkemusikkscena framover**

Omlagginga av tilskotsordningane vil påverke Folkemusikkscena. Frå og med 2009 er Folkemusikkscena overført frå Rff til den nye arrangørstøtteordninga forvalta av Norsk kulturråd.

Asgaut la fram eit skriftleg referat frå eit møte med arrangørane i Folkemusikkscena-nettverket den 12. januar. På dette møtet kunne Sjur Færøvik i Norsk kulturråd meddele at Folkemusikkscena vil få tilskottet sitt som før, men utan ein sum for scenestøtte til arrangørane.

Kvar arrangør må sjølv søkje arrangørstøtte direkte frå Norsk kulturråd.

Rolle og funksjon til Folkemusikkscena skal drøftast i forhold til den nye felles folkemusikkorganisasjonen, både internt i LfS og saman med NDF.

Arrangørane drøfta Folkemusikkscene-nettverket si framtid på det same møtet.

Tilbakemeldinga frå arrangørane var heilt eintydig på at dei ønskjer at prosjektet skal halde fram som i dag med turnelegging og serving av arrangørnettverket gjennom kurs/seminar.

Asgaut foreslo å opprette eit kunstnarisk råd for Folkemusikkscena.

- **Koordinering av arbeid i Oslo**

Asgaut ønskjer at noko av stillinga kan nyttast til koordinering av aktørane i Oslo til ein felles konsertserie, fortrinnsvis 20%. Riksscenen, Folkelarm, OsloFOLK og Café MIR samarbeider no om ein konsertserie med ein konsert i veka, kvar torsdag, frå 22. januar til 20. mai (unnateke Påske og By:larm)

Konsertane vert booka av dei forskjellige aktørane, slik at han vert koordinator for serien samt eit slags vertskap for artistar og publikum på konsertane.

**Vedtak:**

Styret tar informasjon og rapporteringa fra prosjektleiar til orientering.  
Styret støttar forslaget om eit kunstnarisk råd. Asgaut foreslår medlemmer i rådet – som styret så godkjenner.

Asgaut kan bruke 20 % av stillinga si til koordinering av ein konsertserie i Oslo tidsavgrensa til dette vårsemesteret.

Styret går inn for at Folkemusikkscena framover skal driftast som i dag med turnelegging og serving av eit nettverk av arrangørar som hovudoppgåver. Styret vil sjå an utviklinga med Riksscenen, ny folkemusikkorganisasjon og regionale senter for rytmisk musikk før ein gjer store endringar i folkemusikkscena.



Styremøte 15.januar 2009

---

**Styresak 04/ 09 Folkelarm; -  
Utvals- og juryarbeid showcase og platepris  
- visjon for Folkelarm**

---

På bakgrunn av evalueringsmøtet om Folkelarm 11.11.08

- 1) Utvalsarbeid showcase  
Utarbeiding av retningslinjer for utvalsarbeidet  
  
Samansetting av utval
- 2) Juryarbeid for platepris  
Utarbeiding av retningslinjer for juryarbeid  
Samansetting av jury
- 3) På evalueringsmøtet vart det også konkludert med at det må formulerast til ein styremøte ein klar visjon for Folkelarm som arrangementet blir bygd på.

**Vedtak:**

Prosjektleiari la fram forslag i møtet om reglement for Norwegian Folk Music Awards som vart gått gjennom. Diskusjonen om reglementet held fram via e-post før endeleg vedtak på neste styremøte.

Styret ber om utkast på visjon og retningslinjer for showcase-delen så raskt som mogleg slik at ein får god tid til diskusjon pr e-post innan neste styremøte både på visjon og retningslinjer for folkemusikkpris og showcase.



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 05/ 09

### NM i folkemusikk; tevlingsprogram og talet på finalar

---

Styret fekk tilsendt tevlingsprogram utarbeidd av lokal arrangør.  
I programmet låg lokal arrangørs forslag til tevlingar m/finale.

#### Finalar

Forslag til 5 finalar:

- durspel / trekkspel	finale m/dans
- lagspel	finale m/dans
- gruppespel	finale m/dans
- solospel fele og hardingfele	konsertfinale
- dans hardingfele / vanleg fele / lausdans	konsertfinale

#### Vedtak:

Styret støtta framlegget frå lokal arrangør om at det blir finalar i durspel/trekkspel, lagspel, gruppespel, solospel fele og hardingfele og i alle danseklassene utanom lagdans. Reglementet for NM i folkemusikk blir komplettert i tråd med dette og det blir lagt til føringar på at;

- finalistane må danse same dans som i kvalifiseringa
- ein tar ikkje med seg poengsummane frå kvalifiseringa inn i finalen.

#### Tevlingsoppsettet:

Styret ber om at arrangørane merkar seg og tar omsyn til at det kom ein del kritikk mot arenaen på Highland på den førre Landskappleiken. Ein er inneforstått med at det er lagt heilt nytt parkettgolv i salen. Scenerigginga og monitorar på scena er elles viktige tilretteleggingar for utøvarane.

Kvalifiseringa i gruppespel er elles sett opp med alt for liten tidsmargin og må justerast.

#### Tevlingsreglement open klasse

#### Vedtak:

Styret vil ha inn i reglementet at "dersom det blir aktuell med kvalifisering i open klasse, skal det settast ned ein eigen jury".

#### Søknad om kongepokal

Det er dans til hardingfele som står for tur i følgje den turnusen som er innarbeidd. Styret vurderte om det også kan vere aktuelt å søkje ein ekstra pokal i tillegg.

#### Vedtak:

Ein søker om å få kongepokal til primært dans hardingfele, sekundært også til klassen durspel/trekkspel. Med bakgrunn i at NM i folkemusikk er ei nyskaping og ei samanslåing av to store tevlingar.





Styremøte 15.januar 2009

---

**Styresak 06/ 09**  
**Statens stipend for eldre fortente kunstnarar,**  
**forslag på nye stipendiatar**

---

**Sak frå det førre styremøtet som skulle bli tatt opp på nytt på dette styremøtet:**

Rådet for folkemusikk og folkedans har sendt oss eit brev med oppmoding om å fremme kandidatar til statens stipend for eldre fortente kunstnarar.

**Statens stipend for eldre fortente kunstnarar**

Som ein del av ordninga med statlige stipend for kunstnarar, finnes det eit eige stipend for eldre fortente kunstnarar. Stipendet har som føremål å vere ei påskjøning for mangeårig og verdfull innsats. **For tida er stipendet på 20 000 kr.** årleg og blir tildelt livet ut eller til det blir sagt opp av stipendiaten.

Stipend blir tildelt etter forslag frå ei gruppe eller organisasjon som har god kjennskap til kunstnaren si verksemd. Ein kunstnar kan òg sjølv fremje kandidaturet sitt gjennom ein kunstnarorganisasjon. Stipendet blir tildelt etter innstilling frå sakkyndige stipendkomitear. For tida blir det utbetalt vel 250 slike stipend, og det blir årleg nominert nokre nye stipendiatar. Meir informasjon finn de på nettsidene [http://www.kunstnerstipend.no/stipend/eldre-fortjente-kunstn\\_/](http://www.kunstnerstipend.no/stipend/eldre-fortjente-kunstn_/).

Innanfor folkekunst er det òg nokre som mottok dette stipendet. Sakkyndigkomiteen for folkekunst skal ha innstillingsmøte for tildelingar i 2008 og ønskjer seg fleire nominasjonar til eldre fortente folkekunstnarar, spesielt innanfor folkedans, folkemusikk og instrumentbygging.

Vi ber om at organisasjonane innanfor feltet vurderer om dei kjenner til kunstnarar som burde vore nominert til stipendet. Forslag med grunngjeving og omtale av kunstnaren sender de til Rff-sentret v/Truls Sørensen (som er sekretariat for folkekunstkomiteen). Om nomineringa skal komme med i år, treng vi forslaget **innan 25. januar**. Om dette er for kort frist, ber vi dykk vurdere om de har forslag som kan komme med neste år. Slike forslag kan de sende inn når som helst.

**Vedtak:**

**Intern sak.**



Styremøte 15.januar 2009

---

**Styresak 07/ 09**  
**Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund;**  
**- forslag på kandidatar til styra**

---

**Sak frå det førre styremøtet som blir tatt opp på nytt;**

Valkomiteen for Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund har starta arbeidet fram mot landsmøte og musikkting i 2009.

Valkomiteen består av:

Alexander Krohg Plur,	Musikk i skolen	leiar
Inger Strand	NMR Tromsø	
Grete Berntzen	Norges barne- og ungdomskorforbund	
Vara: Anna-Ma Hagen	NMR Nord-Trøndelag	

Valkomiteen oppmodar alle som har forslag til styreleiarar og styremedlemmer til dei to styra om å sende inn forslag.

Det er ikkje sett nokon tidsfrist.

Folkemusikken har aldri vore representert i styret til NMR / Musikkens studieforbund.

To gonger har vi hatt ein vararepresentant. (Ivar Schjølberg og Jorun Marie R Kvernberg )

---

Styret drøfta eit par namn ein vil sjekke ut.

Styrerepr kan fremme forslag på kandidatar til det første styremøtet over nyttår da saka blir tatt opp att.

**Vedtak:**

**Intern sak.**



Styremøte 15.januar 2009

---

## **Styresak 08/ 09 Arbeidsprogrammet for 2009**

---

Det er bestemt at arbeidsprogrammet skal vere ein fast sak på alle styremøte framover.  
Gjennomgang og ajourføring.

Ingen saker vart behandla.



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 09/ 09 Organisasjonsprosessen

---

### **Innleidd konsulenthjelp**

Styringsgruppa for det adm samarbeidet har inngått avtale om konsulenthjelp til organisasjonsutviklingsprosessen med Kjellaug Tørstad i utgreiings- og utviklingsselskapet Agenda.

Tørstad blei vald blant 4 kandidatar vi hadde til vurdering.

Avtalen inkl. bistand både til den overordna organisatoriske prosessen og til samarbeidet på det administrative planet for inneverande år.

Ei meir detaljert orientering om innhaldet i avtalen kan bli lagt fram munnleg på styremøtet.

I realiteten har konsulenten fått litt vidare fullmakter enn det som vedtaket på det førre styremøtet opna for. Vedtaket sa bl.a at "..... Styringsgruppa er ansvarleg for at det blir utarbeida konkrete planar i administrasjonen, og for oppfølginga av desse planane. Styringsgruppa har fullmakt til å leige inn ekstern kompetanse i denne prosessen ved behov."

Viss styret meiner det er trong for eit utvida vedtak på konsulentbistanden, så tar vi det opp her.

Saka vart drøfta. Styret støtte fullt opp om det grepet som er gjort med å inngå konsulentavtale for både den overordna organisasjonsprosessen og det administrative samarbeidet.

### **Førebuing til fellesmøtet med NFD**

Styret har fått tilsendt eigne sakspapir til fellesmøtet. Det vart ikkje gjort førebuingar eller vedtak utover dette.



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 10/ 09 Møteplan

---

**Vedtak:** (justert etter fellesmøtet med styret i NFD same kveld)

Søndag 15. februar (veke 13 , dato bestemt seinare)	Fellesseminar m/NFD. Styremøte i LfS
Torsdag 23. april	Styremøte i LfS. Felles styremøte m/NFD
Tysdag 2. juni	Styremøte i LfS



Styremøte 15.januar 2009

---

## Styresak 11/ 09 Offentleggjering av protokollar

---

**Vedtak:**

Styret har fått fleire positive reaksjonar på at styreprotokollane vert offentleggjorte.

Styret diskuterte formen på det som vert offentleggjort.

Styret ønskjer å legge ut dei endelege vedtaka frå styret. Vedtaka utformast slik at viktige premiss for vedtaket kjem fram. Vedtak i personalsaker og saker som av naturlege årsaker ikkje bør offentleggjerast vert ikkje offentleggjort.

Styret oppfordrar administrasjonen til å leggje fram forslag til vedtak i saksdokumenta som sendast ut til styret.

Nils Øyvind Bergset  
sign

Solbjørg Tveiten  
sign

Mari Eggen  
sign

Knut Erik Godtland  
sign

Marte Frihetsli  
sign